

KYRKJEBLAD

FOR
DAVIK

Nr. 128	Kjem ut kvar måned	Juni 1941	Utgjevar og redaktør: Prost Slaatteliid Davik	12. årg.
---------	-----------------------	-----------	---	----------

Vårt land!

Du Herre, som er sterk og stor,
du vergje våre fedres jord;
vær du vårt skjold i fred og strid,
i sorgens og i gledens tid!

Her ser vi hva oss huger best,
her har vi hva vi elsker mest,
det land ei finnes fjernt og nær
som er for oss hva dette er.

Ja skjerm, o Gud, vårt kjære land
fra fjell til fjell, fra strand til strand;
senk over det din milde vakt
lik morgendugg på engen lagt!

J. L. Runeberg.

Korset står, mens verden skifter.

Det er et gammelt sant ord som lyder så:
Korset står, mens verden skifter. Det er et
ord som vi trenger å minne hverandre om
nettopp i tider som disse.

At verden skifter er noe enhver ser. Det
er som når høststormene ryster et tre og alle
de vakre bladene faller ned sammen med
alle de visne. Og nakent står treet tilbake.

Verden skifter. Illusjoner brister. Det
slektledd har prøvd å bygge opp, rives skån-
selløst istykker. Mange står fattig i disse
tider og ser på sine drømmer og idealer som
så ubarmhjertig ble til intet. Systemer og
teorier dugde ikke.

Verden skifter. Og hva det neste vil bli,
er det ingen som vet. Vi skimter noe nytt
mellom rykende ruiner, men hva det nye er
vet i grunnen ingen. Alt blir gjetninger og
— nye illusjoner.

Men korset står.

Det har bevist sin kraft. Det har stått i
storm og uvær, skjult av stormpisket hav
og av forfølgernes hat stundom. Men det
sto, og det sto trygt. Røyken fra martyrbål

prøvde å skjule det gamle kors, og villdyre-
nes brøl syntes stundom å ville overdøve kor-
sets tale. Men røyken drev bort og villdyrene
tidde, og korset sto.

I sannhet korset står mens verden skifter.

Korset står der som en *gåte*, skjult for de
vise og forstandige, men åpenbar for de
umyndige.

Korset står der som en *kraft*, en salig kraft
til frelse for hver den som tror, men som en
dom for dem som ikke vil tro.

Korset er *himmelens terskel*. Korset er
Guds *innbydelse*. Det står som *frelsens vær-
tegn* for en fallen slekt. Det er ingen illu-
sjon som svinner, eller noe håp som brister.
Korset er selve Guds hemmelighet, den som
blir.

Og bak korset demrer noe nytt, noe herlig.
I lyset fra hans åpne grav ser jeg det —
og lenges.

Og jeg så en ny himmel og en ny jord,
for den første himmel og den første jord var
veket bort. Jeg så det nye stige opp som
et herlig håp bak korset. Derfor vet jeg at
når verden skifter, står korset.

Og jeg klynger meg til det.

Det er også min største lengsel å få peke
på det for andre. For *det er korset verden
trenger i dag*, budskapet om det fullbrakte.
For: hvor korset står vakt taper mørket sin
makt.

H. E. Wisløff.

(»Lys og Liv.»)

Fårleg veg.

Det skrivne ordet speglar tida, seier vi.
Når eit par mannsaldrar er farne, vil denne
tida få sin dom etter bøker og blad frå i dag.
Det vert ingen mild dom.

Mest alt av bokflaumen vår vil vera død
litteratur om ikkje så svært lang tid. Og

det er godt. Gullalderen hadde vi i førre hundreåret. Diktinga var modig oppsong, og lesnaden lyfte og styrkte oss. Stundom var det frisk kritikk som skar gjennom hyklarskap og fraser. No har det ropt: Forfallstid! frå sleipe og ufjelge romanar i siste mannsalderen. Moderne bøker gav alt stygt og ufjelgt brei plass i skildringane. Det var ille, men ikkje det verste. At råskapen var skildra med smil og full godkjenning, var det forferdelege. Viljen var synberr og målet tydeleg: *Moral* er noko flytande, *menesket* skil seg lite ut frå »andre dyr«, og *Gud* er ein illusjon som vi sjølve har skapt. Lat humla susa! Mange av oss kjende det så at kvar bok vi las, tok noko av kapitalfondet som god heim, kristen opplæring og ansvarsmerkt oppseding hadde gjeve oss i heimantylgje. Vi var på fårlegaste veg, glidande mot avgrunnsdjupet. Og det var om lag likt anten bokmannen bar eit så byrgt namn som Sigurd eller eit hundenamn som Karo.

Han hadde meir enn rett den kloke statsmannen som tala til studerande ungdom og sa: Kjenn dykk ikkje pliktige til å lesa alt som kjem. Det aller meste er døger-litteratur og skal døy. Det har ikkje verdfullt å gje oss. Men det finst så mange gode bøker, bøker som vi veit er gode, at ingen av dykk rekk alle dei. Der skal de gå inn. De les, de lærer og de veks. — Statsmannen har rett. Sjølv las eg nyleg eit par moderne romanar, slett ikkje av dei verste. Så gjekk eg til bokhylla mi og tok eit band av Jonas Lie. For eit velsigna byte!

Dei som studerar denne tida halvundra år heretter, vil visst seia at eit folk med slik kultur fortente trengslene. Godt er det om vi sjølve feller domen, tek skulda inn over oss og søkjer lækjedom.

Eit folk slepp aldri lett vint gjennom lange krigs- og krisetider. Ikkje vi heller. Men no spørst det om vi torer tru på reinsing og oppnying i folket vårt. Det er teikn som tyder på friskare arbeidsvilje. Mykje verdlaust skalar av. Men det er aldri ytre ting som har siste ordet. Indre valuta, sjelehelse, skaper framtida. I bøn og bot lyser framtidsvon for oss. Guds veg er nådens veg. Og det står fast at

*Det folk som gjevt vil vera
og vinna lukka lang,
det høgt Guds ord må bera
som ljuset på sin gang.*

Otto Huseklepp,
i »Heimljose«.

Våre søndager.

Det som kirken lærer oss, er at vi så vidt mulig må hvile på søndagen fra alt arbeid. Så vidt mulig, for det er jo klart at der er en hel del ting som må gjøres i huset. Men det som ikke er nødvendig skal man sløyfe eller utsette. Når vi således har gjort vår plikt på søndagen ved å være med ved gudstjenesten i kirken eller i hjemmet, og ved å hvile fra arbeidet, så har vi også lov til å bruke den til det som ellers er hyggelig og forfriskende for sjel og legeme. En viktig ting er at vi bør bruke noen tid hver søndag til kristelig lesning, både til hjelp og fremme for vårt eget kristenliv og for at vi på en rett måte skal kunne forsvare og bære vidnesbyrd om vår tro. Der er nok dem som angriper kristendommen, og det kommer oftest av at de er uvitende om dens virkelige innhold. Derfor er det en stor fordel om vi er i stand til å forsvare og forklare vår tro for andre når den angripes og misforståes.

En av de ting som viser den avkristning som foregår i våre dager, er den vanheligelse av søndagen som blir mere og mere alminnelig. Gudstjenesten forsvinner, Guds ord stenges ute fra hjemmene, Gud gir man ikke en tanke, Herrens dag blir ens egen dag og brukt bare til moro og tomhet og så ofte til synd. Nettopp fordi strømmen går i den retning, gjelder det så meget mere for alle som vil være virkelige kristne, at de bruker søndagen rett, at de er samvittighetsfulle og pliktoppfyllende. La oss tenke på det og handle deretter. La oss leve så at vi kan bli delaktige i den evige sabbats-hvile som er beredt for Guds folk.

Ole A. Leirgul.

Et vitnesbyrd.

Den franske forfatter Lavedan, der lenge hadde vært kjent som fritenker, kom ifølge »Kirken og hjemmet« med følgende gripende

bekjennelse, da han hadde sett verdenskrigens redsler:

Jeg lo av all tro og mente, at jeg var meget klok. Til sist blev denne latter noget hul, ti jeg så Frankrike blødende og sørgende. Hva ville der bli av Frankrike, hvis dets barn var vantro, hvis dets kvinner ikke bad? Et folk, hvis marker var dekket av døde. Hvor vanskelig er det ikke å bli ved med å være fritenker på denne nasjonale kirkegård. Jeg kan ikke, jeg har bedraget både meg selv og alle dere som har lest mine bøker. Det var innbilning, en ond drøm. Jeg ser døden og kaller på livet. Hender, der er forsynt med våpen, virker død, foldede hender bringer liv. Frankrike, vend tilbake til troen, å forlate Gud betyr fortapelse! Jeg vet ikke om jeg skal leve til imorgen, men jeg må si til mine venner, at Lavedan er bange for å dø som fritenker. Jeg er ikke bange for helvede, men den tanke trykker meg, at Gud lever, og at I er så langt borte fra ham. Hvor herlig er det ikke at min sjel, at jeg har fått lov til å oppleve den stund, da jeg på mine knær kan si: »Jeg tror på Gud! Jeg tror, jeg tror!» — Dette ord er menneskehetens lovsang. For den, som ikke antar det, blir det snart natt!

Notisar.

Doypte: 27. april Aud Bjørg, f. 8. februar av f. Matias Severinsson Kriken, Maurstad, og k. Johanna Kristensdtr. (f. Bortne). — 11. mai Anders, f. 17. februar av f. Ole Andersson Nybø, Davik, og k. Ingeborg Matiasdtr. (f. Haukedal). — S. d. Solfrid Petra, f. 14. mars av f. Johan Kristianson Daviknes og k. Borghild Johansdtr. (f. Birkeland). 18. mai Jørgen Matias Simon, f. 18. febr. av f. Ole Jørgensson Erviksaeter og k. Olga Rasmusdtr. (f. Ødegård).

Basarar m. v. Alfot 11. mai til sjomannsmisjonen 252 kr. — Utlodning Alfot til indremisjonen 53 kr. Kollekt Gangsøy til Kinamisjonen 28. april 61 kr.

Ofring: Alfot 22. mai til heidningmisjonen kr. 57.25.

Til Finnemisjonen kom i 1940 inn i Davik sokn 100 kr., i Rugsund sokn 108.89.

Til det Norske misjonsselskap kom i 1940 inn: i Davik sokn kr. 1056.53, i Rugsund sokn 856.95, i Alfot sokn 105.00; tilsammen 2018.48.

Prostimote vart halde på Vereide 25. mai. — Sokneprest Roe tala om nattverden, sokneprest Lovoll om »Det verte ljøs». Anders Austreim avslutta under føremiddagsgudstenesta, Hilmar Kjol-

lesdal byrja på ettermiddagsmøtet. Det var samtale om emnet: »Kva kan ein gjera for å fremja kyrkjesøknaden». Klokkar Lyslo, Innvik, innleide, og mange var med i samtalen, m. a. klokkarane Bruland og Hausle. Det som serleg vart strika under av mange av talarane var, kor viktig det er å venja borna til å gå til kyrkje alt medan dei er sma; det ser ut til at endå til kristelege foreldre som sjølve kanskje går mykje til kyrkje, ofte gjer lite eller ingenting for å få borna med seg regelmessig. — Det er sikra løn åt prostihjelpetrosten til april 1942. Alle soknene i prostiet er med på dette.

For 100 år sidan. Døde: 11. juni 1841 Abeline Uldrichsdtr. Leergullen, gardmannskone, 44 år. — Ektevi gde: 1. juni: John Anderssen Hundvig, 25 år, og Anne Marie Thorem, 25 år, dtr. til Ole Eilfisen. — 24. juni: Enkemand Rasmus Nave, 33 år, son til Marcus Rasmussen, og Marthe Solem, 25 år, dtr. til Peder Anderssen. — 27. juni: Christen Krabbestie, 26 år, son til Niels Nielsen, og Marthe Tytingvåg, 22 år, dtr. til Lars Pedersen.

Gudstenester:

3. søndag etter treeining, 29. juni: Rugsund.
4. søndag etter treeining, 6. juli: Alfot.
5. søndag etter treeining, 13. juli: Davik.
6. søndag etter treeining, 20. juli: Totland.
7. søndag etter treeining, 27. juli: Rugsund.

Kvittering for kontingent: Karoline Fredheim, Martinus O. Myklebust 2 kr. — Alfred Haugland, Ole I. Husevåg, Rasmus O. Vik 5. — Kristine Haugland 1.50. — Johanne K. Leirgulen, Martina Bortne 2.50. — Tilsaman kr. 25.50.

Hjarteleg takk til alle.

Soga om Saul fra Tarsus.

Folket var på same tid både gudeleg og lettlyndt. Politisk var der to parti, det nasjonale og det framandvenlige. Det strenge partiet, som Saul hørde til, heldt det for gale å tala gresk i Jerusalem.

Jerusalem var full av studentar, som var kløyvde i to retningar, oppkalla etter Hillel og Shammai, to store skriftlærde 50 år tidlegare. Far til Saul skreiv han inn som læresein hjå Gamaliel, soneson til Hillel. — Gamaliel var ein gjev og frilynd farisear av den beste type, og Saul lærde snart å halda av han. Saul sat ved Gamaliels føter — bokstaveleg. Studentane sat på svært låge benker i ei rekkje av halvsirklar ikring stolen åt Gamaliel; den var høg som ei trune. Eit stykke frå Det gamle testamente vart teke til emne. Det vart opplese, fyrst på hebraisk og så på aramaisk, som var talemålet. Alt

som hadde vore sagt om det tidlegare eller som kunne seiast om det, vart framført av læraren. Så fekk studentane lov å setja fram sine spørsmål, og dette løyve brukte dei med liv og lyst. Alle førelesingar slutta såleis med ein meir eller mindre livleg diskusjon, der ein fekk syna kor kvasstenkt og snar-tenkt ein var.

Du og eg sit enno, på ei vis, ved Gamaliels føter. Så lenge Paulus levde handsama han Bibelen på den frie mystiske måte som den gamle meisteren hans lærde han. Dei skriftlærde brukte den historiske luten av Det gamle Testamente liksom vi bruker ei forteljing for å læra eit barn kva det skal gjera eller ikkje gjera. Dei nytta dei gamaltestamentelege sogene som illustrasjonar for det moralske liv. Paulus fann ikkje fyrst sitt evangelium i Det gamle Testamente. Det kom til han ved ei personleg oppleving, men då visste han at spiren til det ligg i Israels saga, og han finn det fram der på den måten som Gamaliel lærde han. Det er denne skriftlærde metoden som sume tider er vanskeleg for oss i breva hans.

Åra gjekk i skulen hjå Gamaliel, og den grannvaksne, bleike guten frå Kilikia vart ein av dei fremste blant dei yngre. Vi veit ingenting om den tida som gjekk mellom studentåra og den dagen, då han av styremaktene vart utsett til å få ein ende på den nasareiske ranglæra. Han var då litt over 30 år og som ein kan sjå, ein framståande agent for det Høge råd, ein som dette hadde tillit til. Kanskje var han heime i Tarsus nokre år. Det ser ut som om Saul var tilsett som sendemann frå det Høge råd til jødiske koloniar i utlandet. Det kan vera grunnen til at han ikkje budde så mykje i Jerusalem, at han der fekk kjennskap til den rørsle som Jesu forkynning fekk i stand, den som han seinare fekk pålegg om å slå ned. Det einaste vi veit om han i desse åra er det som er uttrykt i dei orda som eg alt har nemnt i kapitlet 7 i Romarbrevet. Dei set fram for oss ein ung mann som iherdig strid for nøye å retta seg etter Guds lov og påbod, men som får oppleva at den rabbiniske lære ikkje greier å hjelpa han til det. Eg ser han i desse månadene, før han møter den kristne kyrkja på sin veg, uroleg i samvitet, men fast i si tru, idet han finn hardt og ihuga arbeid å

vera den beste hjelp til å kjenna seg roleg i sjela.

V.

Når Saul var på vitjing i Jerusalem, hørde han av og til at det var uro i Galilea. Galilearane, som alltid var vanskelege å halda styr på, hadde denne tida ein innfødd førar, ein bygningsmann frå Nasaret, ein som heitte Jesus, og om han gjekk det mange ville og tåpelege gysjer. Saul brydde seg ikkje mykje om dette; slik uro var der ofte. Men dette oppstyret auka på, og tilslutt tok romarane seg av denne galileiske profeten, og let han hengja, krossfesta, under mykje øsing. Dessverre la ikkje uroa seg fordi om føraren vart avretta, men vart heller sterkare. Tilhengarane hans sa at han ikkje vart liggjande i grava, og styremaktene kunne ikkje koma fram med liket og såleis motprova dette påstandet. Dei romerske soldatane som stod på vakt ved grava, gjekk så vidt at dei kom til sjølve styremaktene med melding om at liket var borte. Dei var fælt oppøste og sa at det hadde vore ein jordskjelv, at steinen som stengde for grava var flytt tilside og at gravhola var tom. Det naturlegaste ville sjølvsagt ha vore å la mennene refsa, men autoritetane torde sant å seia ikkje gjera det. Soldatane fortalde saga si med slik overtyding, at dersom ein hadde dei for retten, ville folk kanskje tru på det dei sa. Det Høge råd fann det klokast å gjeva dei pengar for å teia og lova å ordna saka med offiserane deira.

Den nasareiske villfaringa heldt fram. Der var 480 synagoger i Jerusalem på denne tid; dei samla om seg ymse slags folk. Dei hadde sine serlege synsmåtar om dei lærespørsmål som dei rettruande jødane hadde lov til å ha ulike meiningar om. Eit av desse var læra om Messias, og den kristne kyrkja stod fyrst fram for verda som ei ny nasareisk synagoge, som hevda den uhørde og skrekkelege meining, at ein uromakar som nyleg var krossfest av romarane, var Messias. — Kortliva meiningsløyser av dette slaget var ikkje så sjeldne i Palestina, men denne gongen laut det Høge råd ta det ålvorleg, fordi det atter og atter vart oppstyr i templet.

(Meir).